



Referat frå styremøte

Møtestad: Bevaringstenestene, Salhus
Dato og tid: 29.2.2016 kl. 10
Møteleiar: Sveinung Valle og Nils Marton Aadland
Referent: Mette Thomassen

Deltakarar:	<i>Institusjon</i>	<i>Namn</i>	<i>Init.</i>
Styre 2015	Hordaland Fylkeskommune	Sveinung Valle	SV
		Nils Marton Aadland	NMA
	Bergen kommune	Lillian Vangberg	LV
	Nordhordlandskommunane	Jon Askeland	JA
	Tilsette ved MuHo	Torunn Kojan Bøe	TKB
	Frå administrasjonen	Atle Ove Martinussen Mette Thomassen	AOM MT

Meldt forfall: Universitetet i Bergen Hans-Jakob Ågotnes + vara

Deltakarar:	<i>Institusjon</i>	<i>Namn</i>	<i>Init.</i>
Styre 2016	Hordaland Fylkeskommune	Nils Marton Aadland	NMA
		Jon Askeland	JA
	Bergen kommune	Liv-Wigdis Smith	LWS
	Nordhordlandskommunane	Øyvind H Oddekalv Tom Kristian Thorsen (vara)	ØHO TKT
	Tilsette ved MuHo	Torunn Kojan Bøe	TKB
	Frå administrasjonen	Atle Ove Martinussen Mette Thomassen	AOM MT

Meldt forfall: Universitetet i Bergen Hans-Jakob Ågotnes + vara

Sveinung Valle starta styremøtet og ønskte velkommen til nye og gamle styremedlemmer. Ein tok så ein presentasjonsrunde rundt bordet. Deretter orienterte Valle om tradisjonen med å halda styremøta rundt på dei ulike avdelingane. Konstituert avdelingsleiar ved Bevaringstenestene Torunn Kojan Bøe orienterte om avdelinga som fyller 10 år i 2017. For tida har avdelinga store

konserveringsoppdrag for eksterne kundar. Ho orienterte deretter om samarbeidsavtalen med KODE. Utfordringane vidare er å få på plass eit nytt fellesmagasin for musea i Hordaland. Hordaland fylkeskommune er ein viktig og god støttespillar for Bevaringstenestene.

Valle takka for orienteringa og starta møtet.

33/15 Innkalling

Vedtak: Innkallinga vart godkjent.

34/15 Referat frå sist møte 11.12.2015

Vedtak: Styret godkjenner referatet frå 11.12.2015.

35/15 Økonomi

MT og AOM orienterte om økonomien.

Rekneskap 2015

Vedtak: Styret godkjenner rekneskapen for 2015. Disponering av overskot: avdelingane får overskot/underskot tilført eigenkapitalen.

36/15 Styret si melding 2015

Sveinung Valle orienterte det nye styret om kva styret har arbeidd med dei siste åra, m.a. omorganiseringsprosessen. Det er ulike årsaker til at denne prosessen vart sett i gang; offentlege tilskot vert i beste høve ikkje auka tilstrekkeleg i framtida, betre samarbeid på tvers i avdelingane for betre utnytting av kompetanse og ressursar. Det er viktig at denne prosessen vert landa i 2016. Han orienterte vidare om Salhus båtlag og den rettslige avgjerda der. Gardskjøpet på Lygra gjer at vi no er ein likeverdig part i grunneigarsamarbeidet. Garden vert også ein ressurs i drifta på Lyngheisenteret. Osterøy kommune har kjøpt Gjerstadheimen på Gjerstad og MuHo står som eigar. Det vil bli inngått avtale om dette i 2016.

Vedtak: Styret godkjenner styret si melding for 2015

Valle takka for samarbeidet med styret og administrasjonen og ønskte det nye styret lukke til med arbeidet framover. Etter dette trakk Valle og Vangberg seg tilbake, men vart invitert til å bli sittande til møtet var over. AOM takka også Valle og Vangberg for det gode samarbeidet og oppmoda dei om fortsatt å følgja med på MuHo framover.

01/16 Konstituering

Direktør overtok møteleiinga nokre minutt og sa det har vore vanleg at representant frå Hordaland fylkeskommune har hatt styreleiarvervet. Det er sjølv sagt opp til styret å velja. Jon Askeland forslo NMA som leiar. Nils Marton Aadland vart samrøystes vald til leiar. Han tok deretter ordet og takka Sveinung Valle for det gode arbeidet han har gjort desse åra.

Aadland foreslo at Kari Foseid Aakre vert vald som nestleiar.

Vedtak: Nils Marton Aadland vart samrøystes vald til styreleiar og Kari Foseid Aakre vart samrøystes vald til nestleiar.

02/16 Økonomi

Budsjett 2016.

AOM og MT hadde ein kort orientering rundt tala.

Vedtak: Styret godkjenner budsjett for 2016.

Budsjettsøknad 2017.

Oppdatert budsjettsøknad vart delt ut på møtet. Direktør orienterte om dei to tiltaka vi har søkt om. Vi søker i tillegg om investering av Thermo Lignum kammer til Bevaringstenestene. HFK har allereie ytt 1.650.000 til dette.

Vedtak: Styret godkjenner budsjettsøknad for 2017.

3/16 Orienteringar

AOM orienterte om følgjande saker:

- Personalnytt inkl. AMU. AOM orienterte ytterlegare om omorganiseringsprosessen og arbeidet vidare i 2016 i høve styrevedtaket i desember 2015. Det vert no ein konsentrert ressursgjennomgang i Nordhordlandsavdelingane med tanke på mogeleg samanslåing til ein avdeling.
- Årsmeldingar
- Museumsstatistikken. MT orienterte kort. Statistikken vert sendt til styret når den er klar.
- Gamleheimen på Gjerstad. AOM orienterte. Kostnadsoverslag for istandsetting er utarbeidd (9,7 mill). Tilbod på riving er under arbeid i tillegg til overslag over drift.
- AS Salhus Tricotagefabrik - direktør kjem tilbake til dette punktet på et seinare møte

Vedtak: Styret tek orienteringane til etterretning.

4/16 Ymse

- Møteplan 2016 måndagar er ok - helst kl. 09.00 - 11.00. Administrasjonen sender ut forslag til møtedatoar

Styremøtet vart avslutta kl. 11.20. Deretter vart det ein omvising i lokala til Bevaringstenestene. Avtroppande styreleiar og -medlem fekk Salhusgenserar i gåve. Deretter vart det servert varm lunsj.

Styret i Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Nils Marton Aadland

Kari Foseid Aakre

Sett: Hans-Jakob Ågotnes

Liv-W. Smith

Øyvind Helland Oddekalv

Torunn Kojan Bøe